

## Saksframlegg

Sakshandsamar:	Kommunedirektør			Berit Karin Rystad
Avgjerslemynde:		Arkivnr.:	20/118	Klassering:

### Ny selskapsorganisering i NGIR

#### Saksopplysningar

Den 5 juni 2023 vedtok representantskapet i NGIR ny organisering av selskapet. Dette inneber at NGIR IKS skil ut drift og næring i egne aksjeselskap. Omorganiseringa er planlagd innført den 1. januar 2024.

Vedlagt ligg pressemelding som gjekk ut til lokalavisene.

#### Vurdering

Kommunestyret vedtok den 15.12.23 (sak 059/22):

*«Kommunestyret gir si støtte til at NGIR organiserer næringsavfall i eit eige AS. Kommunestyret er negativ til organisering av NGIR i til saman tre aksjeselskap, kor Hushald og Drift er tenkt som to eigne AS. NGIR IKS er eit relativt oversiktleg selskap, med avgrensa verksemd og få tilsette. Kommunestyret vurderer det slik at organiseringa i tre selskap under NGIR IKS, vert kompliserande og kan vere fordyrande på sjølvkostområde, utan at tenesta isolert sett vert forbetra. Samrøystes vedteke.»*

Folkehelse

Ikkje relevant

Miljø

Ikkje relevant

Økonomi

Ny organisering vil auke lønsemda i selskapet

#### Konklusjon

Om NGIR skal drive næringsaktivitet vidare, må dette gjerast innanfor ei anna ramme enn i eit IKS. Det er og eit ønskje frå eigarkommunane at NGIR held fram med tilboda til næringslivet i regionen. Grunnen til at Drift AS skal skiljast ut, er at fleire av driftsanlegga, maskinane, bilane og dei tilsette tek hand om avfall frå både hushald og næring. Med eit felles driftsselskap kan NGIR ta vare på stordriftsfordelane, og samstundes formalisere eit økonomisk skilje mellom det som er knytt til hushald, som drivast etter sjølvkostprinsippet, og det som er knytt til næring, som drivast kommersielt.

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek saka til vitande

#### Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost

